

Til

Styremedlem og vararepresentantar

ved Universitetet i Tromsø

Bakgrunn: HSL-fakultetet går inn for å leggje ned masterstudiet i litteraturvitskap, og forslaget skal handsamast av universitetsstyret 16. juni.

Alarmerande: Forslaget har allereie resultert i at fleire litteraturstudentar som held på med bachelorgraden sin har søkt seg over til universiteta i Bergen og Oslo.

Styret i Nordnorsk forfatterlag (Nnf), bed om ei grundig evaluering av dette forslaget, og tillet oss å føreslå at styret går i mot forslaget med følgjande grunngjeving

Gjennom mange år har studentar og lærarar ved masterstudiet i litteraturvitskap, saman med forfattarstudiet ved UiTø, vore ein viktig del av litteraturmiljøet i landsdelen. Det er viktig for alle partar å ha eit sterkt fagmiljø å forankre den litterære aktiviteten.

Med dette som ballast og bakgrunn, stiller derfor styret i Nordnorsk forfatterlag seg uforståande til forslaget om nedlegging av mastergradsstudiet, som i verste fall kan føre til at det nordnorske akademiske miljøet, og leiinga ved UiTø, bli oppfatta som bakstrevande dersom ein berre ser universitetet som ein isolert institusjon samanlikna med den litterært veksande landsdelen det kan og bør vere med på å utvikle.

Dette er uheldig fordi forfattarar, litteratar, journalistar og skribentar har jobba aktivt for å auke det litterære miljøet i landsdelen gjennom fleire år. Og i kjølvatnet av dette arbeidet ser vi arrangement som litteraturfestivalar, skrivekurs, opplesingskveldar, kapplesing, ”ordjam”, skiping av litteraturlag, og ikkje minst fører litterære aktivitetar til at ein blir glad i å skrive og å høyre det skrivne ord. Kunnskapsløft i praksis som speglar eit solid kulturberande, sosialt og kunnskapsspreiande litterært potensiale i landsdelen.

I tillegg har seriøse fagforeiningar og interesseorganisasjonar som Norsk Forfattersentrum og Nordnorsk forfatterlag auka verksemda si, og fleire litteraturtidsskrift i nord kjem ut og visar seg så livskraftig at dei får statsstøtte.

Alle litterære arenaar treng profesjonelle og dyktige fagfolk både i administrasjon og til marknadsføring, og ikkje minst treng skolar og universitet kontinuerleg å oppgradere sin litteraturvitskaplege kompetanse.

Det er eit sterkt ønskje at ”vårres eiga universitet” alltid skal ligge i aktiv dialog med samfunnet omkring seg, ikkje berre med tanke på økonomisk vekst, men óg med tanke på at vi lever i fleirkulturelle samfunn, der det å ha kjennskap til kvarandre sine kulturelle bakteppe, blir viktigare og viktigare. Og å ha eit universitet med grunnleggjande og solid

kompetanse på internasjonal litteratur, og ikkje berre på litteratur frå eit utval europeiske land, betyr å ta det fleirkulturelle samfunnet omkring oss på alvor.

I staden for å føreslå å leggje ned masterstudiet i litteraturvitenskap ved UiTø, vil vi heller ha ei universitetsleiing som ser kor viktig faget er, og å satse på det framover, gjennom å samarbeide endå sterkare med litteraturlivet for å auke rekrutteringa til faget.

Vi vil at Universitetet i Tromsø skal vere ein føregangsinstitusjon på fagtilbod som får studentar til å kjenne at litteratur er attraktivt. Vi veit at samarbeid med språkfaga for å auke fagtilbodet har gitt gode resultat, og ikkje minst har det gitt ringverknadar på kva som gjer litteraturvitskapsfaget unikt. Ingen andre fag gir den kompetansen på tekstlesing som litteraturvitenskap tilbyr.

På bakgrunn av dette håpar vi universitetsstyret vurderar desse aspekta opp mot forslaget om avvikling av masterstudiet.

Beste helsing frå eit samla styre i Nordnorsk forfatterlag

Kine Hellebust, styreleiar

Marit Lund Bødtker, nestleiar

Anita Ravn, styremedlem

Rasma Haidri, styremedlem

Gro Kaasen, styremedlem